



KJELL TOKVAM AS  
FRETHEIMSHAUGANE  
5743 FLÅM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marita Helen Lie, 55 57 22 36

## Vedtak i klagesak som gjeld endring av støttemur på gbnr. 17/166 i Sogndal kommune

Vi viser til oversendinga av klagesaka frå Sogndal kommune, mottatt her 11.02.2021.

### Vedtak

**Statsforvaltaren i Vestland stadfester vedtaket frå Sogndal kommune av 09.12.2020, ref. saksnummer 20/10019.**

### Bakgrunn for saka

Vi reknar med at partane kjenner saka, og gir difor berre ein kort gjennomgang av dei viktigaste punkta.

Sogndal kommune avslo den 09.12.2020 søknad om endring av støttemur på gnr. 17, bnr. 166. Avslaget blei gitt med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) §§ 29-2 og vart grunngjeve med at tiltaket etter kommunen sitt skjønn ikkje innehar gode visuelle kvalitetar sett i forhold til dei bygde og naturgitte omgjevnadane muren skal stå i. Kommunen fant heller ikkje grunn til å gje løyve til den omsøkte plasseringa, jf. avstandskravet i pbl. § 29-4.

På vegne av tiltakshavar blei fristavbrytande klage sendt 28.12.2020. I klagen visast det til at tiltaket som det er søkt om ikkje er i strid med gjeldande reguleringsplan. Det hevdast at muren liknar på andre nærliggjande støttemurar og at han etter dykkar oppfatning er ein fagleg sett betre konstruksjon enn eksisterande mur. Vi viser til klagen i sin heilheit.

Forvaltningsutvalet handsama klagen i møte 06.01.2021. Klagen blei ikkje tatt til følgje, med seks mot fire røyster.

Saka er deretter sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Vi har også mottatt tilleggsmærknader frå dykk den 19.02.2021.



## Illustrasjon



Utklipp henta frå Google Maps som viser støttemuren slik han er i dag.

### Regelverk

Statsforvaltaren er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Om ikkje anna er sagt, gjeld forvaltningslova sine reglar, sjå plan- og bygningslova § 1-9. Statsforvaltaren kan prøve alle sider ved vedtaket, også dei skjønnsmessige vurderingane som kommunen har gjort, jf. forvaltningslova § 34. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Statsforvaltaren leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret.

Kommunen skal gje løyve til tiltak som ikkje er i strid med føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. plan- og bygningslova § 21-4 første ledd. Tiltak i strid med plan eller føresegner i plan- og bygningslova, kan berre godkjennast dersom det samstundes vert dispensert frå føresegna tiltaket strid mot, jf. plan- og bygningslova kapittel 19.

### *Kravet til visuelle kvalitetar i plan- og bygningslova*

Det følgjer av pbl. § 29-2 at «ethvert tiltak etter kapittel 20 skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering.»

Kommunale bygningsmyndigheiter har eit fritt skjønn ved vurderinga av om eit tiltak har gode visuelle kvalitetar iht. pbl. § 29-2. I førearbeida til plan- og bygningslova visast det i denne samanheng til at lokale bygningsmynde må reknast for å vere best egna til å gjere den



skjønnsmessige avveginga basert på lokal byggeskikk og lokalpolitisk styring av den visuelle utviklinga i kommunen.<sup>1</sup>

#### *Planstatus*

Eigedomen er regulert til bustadføremål og ligg innanfor område B5 i reguleringsplan for Leitevegen nord, vedtatt 10.02.2011. Reguleringsplanen har ikkje særskilte krav til materialbruk for slike støttemurar. I kommuneplan for Sogndal 2013 – 2023 under 1-7 Miljøkvalitet og samfunnstryggleik, jf. § 11-9 nr. 6. heiter det i pkt. g-1: 1. Nye bygningar, anlegg og landskapstiltak skal utformast slik at eksisterande særpreg og kvalitetar vert ivareteke.

#### **Statsforvaltaren si vurdering**

Spørsmålet er om støttemuren det er søkt om innfrir kravet til visuelle kvalitetar i pbl. § 29-2.

Det følgjer av klagen at reguleringsplanen ikkje stiller særskilde krav til materialbruken for støttemurar som den det her er søkt om. Først vil vi derfor klargjere at dette ikkje er avgjerande for vurderinga av dei visuelle kvalitetane. Dette kunne stilt seg annleis dersom tiltenkt materialbruk var spesifisert i planen.

Kommunen har i vedtaket gjort følgjande vurdering av murens visuelle kvalitetar:

*«Utskifting av natursteinsmuren med ein loddrett betongmur som blir opp til 4 meter høg, bryt etter vår vurdering vesentleg med eksisterande murar i dei nære omgjevnadane og tek etter vår vurdering lite omsyn til dei bygde omgjevnadane både i høve materialbruken, men også forma og høgda på muren.»*

Statsforvaltaren meiner at muren slik han er tiltenkt vil kunne framstå som visuelt dominerande. Tatt i betraktning høgda og utforminga på muren er det klart at han visuelt sett vil få eit uttrykk som er heilt annleis frå natursteinsmuren som er på eigedomen i dag. Natursteinsmuren harmonerer godt med murane på tomtene som omkransar den aktuelle eigedomen, og etter vår oppfatning vil ein betongmur med ei høgde på firemeter over vegbanenivå visuelt sett skilje seg ut.

Vi har også vektlagt at det i kommuneplanen for Sogndal heiter at «landskapstiltak skal utformast slik at eksisterande særpreg og kvalitetar vert ivareteke». Dette kravet er etter vår meining ikkje ivaretatt for støttemuren det her er søkt om.

Vidare er det i klagen lagt fram dokumentasjon på tilsvarande tiltak i området.

Som nemnt ovanfor er vurderinga av visuelle kvalitetar underlagt kommunens frie skjøn. Denne skjønnsbruken avgrensast av myndigheitsmisbrukslæra, som kort forklart inneber at like saker skal behandlast likt. Dette er eit etablert forvaltningsrettsleg prinsipp.

Sogndal kommune har i denne samanheng uttalt følgjande i vedtaket:

*«Vi er kjent med at det er fleire betongmurar både i Leitevegen og andre stader som både er større og lengre enn omsøkt mur. Mange av desse er etablert i nyare tid som følgje av offentleg inngrep på privat areal grunna utviding/endringa av kommunale vegar. I slike høve vil omsynet til den enkelte grunneigar som misser areal ha betydning for vår vurdering opp mot det estetiske. Det kan også vere praktisk umulig å nytte naturstein der breiare vegar skal etablerast innanfor utbygde områder. Omsynet til dei offentlege interessene med framføring av veg vil då kunne vege tyngre enn dei visuelle kvalitetane.»*

---

<sup>1</sup> Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) side 230.



Etter vår meining er dette ei relevant og sakleg forklaring på kvifor det er oppført liknande støttemurar i nærområdet. Vi har såleis ikkje grunn til å tru at det her er tale om eit tilfelle av usakleg forskjellsbehandling.

Statsforvaltaren skjønner ønsket om å optimalisere arealet på eigedomen og at natursteinsmuren har eit oppgraderingsbehov, men har kome fram til at tiltaket det er søkt om ikkje oppfyller kravet til gode visuelle kvalitetar i pbl. § 29-2.

Då vilkåra i pbl. § 29-2 ikkje er stetta har vi ikkje funne grunn til å gå nærare inn på ei vurdering av avstandskravet i pbl. § 29-4.

Statsforvaltaren har etter dette konkludert med at Sogndal kommune har vurdert saka korrekt etter gjeldande regelverk, og vi kan heller ikkje sjå at kommunen har lagt vekt på usaklege eller utanforliggjande omsyn. Klagen har dermed ikkje ført fram, og vedtaket er stadfesta.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Karen Elin Bakke  
seniorrådgjevar

Marita Helen Lie  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Sogndal kommune Postboks 153 6851 SOGNDAL